



Notat

Dato: 14.08.2017
Arkivsak: 2016/5571-11
Saksbehandlar: oddmell

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkesdirektør Kultur og idrett

Økonomirapport 2.kvartal 2017 - Kultur og idrettsavdelinga

Tal og kommentarar:

	Per 2. kvartal			Årsprognose per 30.juni 2017		
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Prognose budsjett	Best	Verst
Løns- kostnader	26 412 445	26 254 809	-157 636	57 525 875	56 525 875	58 525 875
Andre kostnader	192 355 084	187 577 400	-4 777 684	316 355 000	316 335 000	316 335 000
Inntekter	-25 500 249	-31 636 500	-6 136 251	-163 165 000	-164 165 000	-162 165 000
	193 267 280	182 195 709	-11 071 571	210 715 875	208 659 000	212 695 875

2. kvartal

Lønnskostnadene er om lag som budsjettet. Løn til kunstnarar i DKS-turneane som ikkje er budsjettet med på lønsbudsjettet, er lagt inn som kostnad på DKS-budsjettet (overføring til andre). Delar av lønsmidlane vert utgiftsført over løn, men dekka av inntektene frå statlege DKS-midlar. Dette vert meir synleg etter kvart som vi kjem ut over i året, men vil ikkje nødvendigvis gje negative tal samla sett for avdelinga.

Andre kostnader har eit avvik på om lag 4.7 mill. kr. Dette grunnar i hovudsak i at periodisering av utbetalingar av driftstilskot og andre tilskot varierer i storleik gjennom året.

Inntekter har eit negativt avvik på om lag 6,1 mill. kr. Dette grunnar i at vi ikkje har treft heilt i periodiseringa og føringa av inntekter/overføringar frå staten i budsjettrapporten. Er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

Årsprognose inkludert «best» og verst case»

Årsprognosen er berekna ut frå inntekter og utgifter i 2016 i tillegg til endringar gjort i budsjettvedtak gjort i Fylkestinget for budsjett 2017. Lønnskostnadene kan bli noko høgare enn budsjettet, då inntekter som finansierer ein del av lønnsbudsjettet er inntektsført andre stadar i budsjettet (DKS). Samla vil ikkje dette då gje utslag på driftsresultatet.

Best case:

Andre kostnader kan variere ein del frå år til år., men eit mindreforbruk kan i beste fall utgjere om lag 0,5 mill. kr. Det same gjeld for lønskostnadene, men til no har vi valt ikkje å legge inn mindreforbruk her. Vi ser det som lite realistisk med ei auke i inntektene, då statstilskota dei siste åra har vore relativt stabile, men ei auke i arbeidet til feltarkeologane kan utgjere i beste fall auke inntektene med inntil 1 mill. kr.

Verst case:

Eit fall i inntektene, særst på arkeologisk registrering, vil kunne føre til ei underdekking i lønskostnadene og påverke driftsresultatet, kanskje om lag 1 mill. kr. Ei auke i andre kostnader på 0,5 mill. kr grunna større nødvendige innkjøp enn planlagt, kan også få negative konsekvensar for årsprognosen.

Kopi til:

Ingrid Kristine Holm Svendsen

Pål Andre Kleive